

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås

Emne: Bordskikk til kvardags

Bygdelag: Indre-Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Toft.

Gard: Toft

(adresse): Askelandsvåg

G.nr. 18

Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I eldre tider, tildels endå, lagar ein mat og et i same romet.

1. Ein sat ved bordet eller skiva når ein åt.

2. Det er vanleg at heile huslyden set ved same bordet.

3. Alle et samstundes på same stad - anten i kjøken eller inne i stova.

4. Alle et same maten og det ville vorte halde for ein uskikk om ein hadde gjort noko anna.

5. Før i tida åt dei alltid inne i stova då kjøken berre var som ein gang med ei grua, men i seinare tider, etter kvart som folk har laga seg brukande kjøken, nyttar ein dette meir og meir til å eta på.

6. Under dei store høtidene og ved ymse andre høve t. d. når ein har lag, et ein i stova, dei som steller med maten et då etter-på på kjøken. Elles et alle i same romet.

7. Alle har sine faste plassar ved bordet. Husbonden sit i høgsetet (ved eine bordsenden), kona ved sida hans på langsida av bordet og husbondsdrengen på andre sida hans på andre sia av langbordet. (er eldste sonen vaksen er dette plassen hans). Genteborna sat så i rekkja på same sida som mora, og guteborna på same sida som drengen.

Dei som stelte maten, sat nedst ved bordet. Det same galdt

kn

kona om ho stelte med maten.

8. Den skikk at borna måtte stå ved bordet, veit ein ikkje om. Men ein har det herme å seia til born når det ikkje er sitjeplass åt dei i ymse høve: "Du er så liten, du lyt stå og veksa - så vert du snarare stor!" Kanskje dette hermet er frå den tida då borna ikkje hadde sitjeplass ved bordet.

9. Høsetet var <sup>vid</sup> på ~~xxx~~ den enden av bordet der det var mest ro - lengst frå døra eller den staden der dei bar maten til og frå. Høsetet kallar dei for høgste (ikkje e mellom s og t.

10. Heidersplassen er på ~~xxx~~ langsida av bordet til høg- re for husbonds plassen (høgste).

11. Ein ~~tok~~ alltid huva eller hatten av medan ein åt, men dei vaska seg sjeldan på hendene før dei gjekk til bords sjølv om dei hadde arbeidd med jord eller møk. Eg tykkje endå eg ser skitne hender med reinsleikte kvite fingertuppar når måltidet var slutt. Men dette er lenge sia no - 40 - 50 år sia.

Graut og mjølmylje åt dei alle or same fatet om dei rakk til, det same var det med mjølkefatet. Både grautefat og mjølkefat, dreia <sup>ein fubull</sup> ut ~~or~~ og runde, var dei hogne utor, kalla ein dei tryl (grautetryl, potetryl) Det var finare å ha dreia trekjørel, større kalla ein fat, mindre kalla ein kjær. Ein fekk seg også litt etter kvart dreia borddiskar av tre. I tida ikring 1905 - 1910 tok dei til å nytta steintytallerkar, og auste grauten på til kvar einskild, men eit sams mjølkefat hadde dei sams endå ei tid. I overgangstida til dei tok til å nytta serskild mjølke- kopp, auste dei mølka or fatet med ei sams ausa i "graute- skaret" og fylte på etter kvart som dei åt. Før den tid

tok dei ei tugga med graut i skeia og fyllte så på mjølk frå det same mjølkefatet før dei sette det til livs. Dei fleste drik no direkte av mjølkekoppen, men det er enno dei som fyller mjølka på grautetallerken eller duppar grautskeia i den vetle mjølkekoppen. Etter gamal vane tykkjer dei vel at maten smakar betre då. Det var vel helst då dei tok til med kaffidrikkinga at folk fekk kvar sin drikkekopp.

13. I ein skilde heimar sette dei grautgryta på bordet, men eg trur at dei fleste sette henne på golvet eller på ein krakk når dei hadde tatt ho or omnen. Så auste dei maten opp på eit eller fleire fat. Ein av huslyden tok gryta, slo litt mjølk opp i henne og "grov gryta" som ein sa. Han sette seg oftast på golvet borte i omnskåa med gryta. Skova i gryta både etter graut og suppe likte dei fleste, og det hende at borna slost om kven som skulle grava ho. Flokka på koka mjølk, likte dei og godt. Det var i slike basketak om flokka (særka) at dei hadde dette hermet: "Grytegravaren og flokkefløytaren kjem ikkje til Gud. Til Gud ville alle, og då hende det at ein av dei vaksne i løynd fekk høve til å grava gryta. Før i tida sette dei dei framande ved eit serskild bord med "betre" mat. No når dei på dei fleste stadene et på kjøken, får framandfolka ~~maten~~ eta inne i stova og husbonden og hsmora et då jannast saman med dei, men oftast er det same matrettane dei får.

14. Dei laga seg bete før i tida på denne måten: Dei tok ein part av ein flatbrødleiv og la varme poteter oppå oppatt på dette la dei så silde (helst brislig i spike) så la dei flatbrød ovan på dette og trykte beten godt saman med handa. Flatbrødet mjukna snart av dei varme potetene, biten rulla dei då gjerne saman i ein liten rull.

4

før dei tok til å eta av han. Ein kalla det for ein betebeten - beta - betane. Folk som stod seg godt- velstand så smurde ein ofte smør på flatbødet før ein laga til beten som er nemnd framanfor. Dette var til middagen. Men dei laga og til grautbetar,<sup>og</sup> ostebetar. Dei smurde smør på flatbrødet og la graut eller ost i mellom. Dei hadde og brimbetar. Grauten måtte vera så tjukk at dei måtte kunna dansa på han, sa dei. Om sumaren kokte dei ofte graut for heile veka i ei stor gryta eller i ein kjel. Då måtte det ein kraftig kar til for å stauka han. Dette var slik til 1890 åra.

15. Å ta sukkerbeten <sup>å</sup> stikka i munnen og drikka kaffi til vert rekna for vanleg bordskikk

16. Å drikka kaffi av skåla i lag og lyd undgår ein helst, <sup>det</sup> men hender nok heime om kaffien er for varm, men god bordskikk er det nok ikkje.

17. Gaffelen kom i bruk ikring 1905. Ein minnest godt at ein åt utan gaffel - gamle folk gjer det ofte endå.

18. Mennene brukte sjeldan tollekniven ved bordet utan for å skjera spkekjøtt. Både menn, kvinner og born nytta neglene til å reiska poteta med - og fingrane til å eta med. "Det best å bruka sine fem," vart i overgangstida ofte sagt når husmora orsaka seg med at ho ikkje hadde gaffel. Dei tok til å nytta bordknivar før gaflane ålment kom i bruk.

19. Dei hadde kvar si skei. Det var namn på ho, og ~~ix~~ ei med hol list i på skivefoten sette dei skeiskafta fast. Dei feste og skeiskafta opp mellom glaslista. Dei slakte skei rein og turka av henne med loven (innsida på handa). Skeiene var av tre og av horn. Hornskeiene tolde ikkje å verta vaska i for varmt vatn. Det er gamle folk som opplyser dette dette. I 1890 åra trur eg det var vanleg at dei vaska skeiene, men ein skilde hadde det på gamle måten ut hundreåret.

20. Ikkje lenge etter århundreskifte tok ei til å bruka steintytallerkar. Før brukte dei dreia borddiskar av tre. Fyrst omlag 10 år etterpå vart det vanleg å bruka djupe tallerkar, til graut, og supe. Ein slutta då og litt etter kvart med å nytta sams fat. Sist eg minnest dei nytta sams grautfat med smørauga i, hadde dei ein vanleg kaffikopp med smelta smør i som dei sette ned i grauten midt i fatet. Det var straks etter århundreskifte. Men i mange hëmar var dette vanleg endå i 9 - 10 år.

21. Dei nytta ikkje bordduk til kvardags, men no nyttar ein jamt over å ha ein voksduk på bordet til ei kvar tid. Det var vel så omlag 1910 det vart vanleg å nytta borddukar på matborda til kvardags.

22. Ein brukar voksduk, bordet er oftast umalt.

23. I heimen der eg vaks opp, var ~~skjedd~~ etla ein sjeldan mat ut, men det var ofte gjort slik, med sume matslag, t. d. kaker, kjøt og smør. Det var husmora som delte ut og det hende at ho ikkje fekk tid til å eta for etter dei andre var ferdige. Det var sjølvstakt at dei vaksne fekk fyrst si etling, fyrst husbonden og sist borna. Ein sa at ein etla ut maten, og det ein delte ut var ei etling.

24. Heimhjá oss i barneåra fekk me eta det me ville, men med visse undatak. Kvar laurdag vart det kinna smør. Når mor hadde lagt i smørambarane - smør som skulle seljast - etla ho til ein stor smørklatt i midten av smørkolla (asken) og <sup>fleire små</sup> ~~ein liten~~ smørklattar, ein til kvar husstandsmedlem. ~~Den store~~ rundt om den i midten. Den store smørklatten var til framandfolk og vart lagd i ei smørøskja, dei små fekk me på kvar sine asjett eller på kvar si potetkaka fyrste venda me fekk brødmat. Det

*kom an på oss sjølv*

6

Korlenge "klingen vår skulle vara. Når smøret var oppøydd, laut me lita oss med brim på kakene. Var det lite framandfolk den vika, hende det me fekk smørauga i grauten av framandssmøret. Kvar sundag fekk me sodd. Det var skalte poteter, bygg-gryn og kjøt kokt saman i ei gryta. Men når maten kom på bordet vart kjøtet utela - eit lite stykke til kvar. Dei etla og ut "nøring av kjøpebrød og smør i jolehelgax så mykje at ein skulle ha nokk dei fyrste jole-dagane. Men av den andre maten kunne me gjerne eta det me ville. Sume spara "hegda" då på den nøringa dei hadde fenge utella slik at dei hadde å ta av når ingen av dei andre hadde noko<sup>al</sup>. Då var dei vel krye. Dei hadde eit herme når det galdt grauten: "Ein skulle hegda på grauten og spara på sulet!" (sulet eller suvlet var mjølk og smør som ein nytta attåt grauten.)

25. Ein veit ikkje kor skilnaden var på storleiken av etlingane

27. Kor store borna må vera for dei får eta utan hjelp kjem heilt an på det einskilde barnet kor det greier seg. Det er mora som hjelper barnet som oftast

26. Dei togg maten at småbarna eller koka graut og hadde i tåtor. Den maten dei helst togg i tåtene var kringler. Når barnet vart større, togg dei den maten som var på bordet og skoa i barnet. Det var mora som gjorde dette, men og barnegjenta som ofte var ei gamal tausekjerring, hadde dette arbeidet når mor var ute i arbeid.

28. Husbonden les i fleire heimar føre og etter maten i høtidene. I mange heimar les borna før maten så lenge dei er små, då er det gjerne dei minste som les så ein kan få høyra kor heve dei er. Det er vanleg at dei folda hendene før dei tek til og et - sjølv om dei ikkje les noko<sup>eller</sup> høgt lågt. Det vert halde for ein fin skikkmen i mange heimar der det berre er vaksne, er det smatt med bordlesteren.

29. Det hende før at ~~det~~ ein husbond kravde at ein kvar skulle teia medan dei åt. "Ein skal teia med ein tygg", er eit gammalt herme. No vert det tala ved bordet utan at nokon tykkjer noko leitt om det.

30. Ein finn det ikkje upassande å le med ein et - når det er med måte.

31. Dei skulle ikkje syngja medan dei åt Eit herm seier: ~~Kj~~adlen vesste ikkje at kjerrinjæ var galæ før ho song med ho åt."

32. Det har alltid høyrte til god skikk og vorte kravt at ingen går frå bordet før alle var ferdige med maten.

33. Det hende ofte at det vert kravt av born at dei takkar for maten når dei går frå bordet. Framande har alltid gjort det og gjer det framleis. Før takka framande og born alltid i handa når dei gjekk frå bordet, no vert det meir sjeldan det, men dei eldre held denne skikken endå oppe.

34. Når ein framand kjem inn medan folk et, seier han: "Signe maten." eller "Velbekome" eller "Et med helsa."

35. Ein trong ikkje by ein framand mat om han kom inn medan ein sat og åt.

36. Når ein framand kjem til gards mellom måla, finn ein alltid mat fram til han om han har ferdst lang veg.

37. Ein tilfeldig gjest fekk alltid eksta taktament og gjer det endå.

38. Ein har ikkje den skikken at alle som kjem inn må ~~må~~ ha ein kopp kaffi. Ein har ikkje kjelen på heile dagen. Ein har ikkje hatt den skikken før heller.

39. Ein framand gjest vert plasert i stova om han berre ein dag eller slik, men vert han der nokre dagar, <sup>var der</sup> ~~gjer~~ <sup>et kvar</sup> dei på kjøken saman med dei andre etter det første målet. Er det mellom måla, et den framande åleine, men <sup>da</sup> ~~er~~ det

8  
et gjerne husbonden og husmora i stova saman med den ~~framande~~  
framande, serleg om det er ein vyrd person.

40. Før i tida måtte ein alltid lata seg nøya til å eta,  
serleg kvinnene, men no er det mykje slutt med dette. Men  
dei som gjev mat seier gjerne nokre gonger under måltidet:  
"No må de eta og førsyna deko."

41. Det høyre til god skikk til ikkje lata ein framand ~~vera~~ <sup>alla</sup> ~~inne~~  
vera åleine inne i stova anten det er under måltidet ~~ell~~  
les. Et den framande, set ein gjerne eit stykke frå og  
gjerne slik at det <sup>ikkje</sup> ~~skal~~ skal sjå ut slik at nokon  
kan ~~kontroll~~ seia at ein kontrollera åta til den framande.

-----e-O o -----

5225